



## **Soknemøte - Årsmøte 2021**

**Stord sokneråd kallar med dette inn til soknemøte / årsmøte for kyrkjelyden.**

**Stad:** Stord Kyrkje

**Tid:** Søndag 30. mai etter gudstenesta, ca kl 12.00

**Sakliste:**

Sak 1 (2020/21): Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 (2020/22): Val av referent

Sak 3 (2020/23): Val av to personar til å signera årsmøteprotokollen

Sak 4: Årsrapport 2020 m/rekneskapsoversikt  
Soknerådet presenterer årsrapport for 2020 (vedlagd innkallinga).  
Årsrapporten inneheld ein oversikt over det kristelige arbeidet i soknet i året som har gått, og inneheld og ein førebels rekneskapsoversikt for året 2020.

Sak 5: Budsjett 2021  
Soknerådet presenterer årsbudsjett for 2021 (vedlagd innkallinga).

Sak 6 Spørsmål og innspel frå kyrkjelyden

*Soknemøtet skal ikkje godkjenne soknerådet sitt rekneskap eller budsjett, men desse leggast fram til orientering og informasjon, for å få kommentarar og tilbakemeldingar på soknerådet sitt arbeid.  
Sak 4-6 er derfor informasjonssaker og ikkje vedtakssaker.*

Stord, 10.mai 2021

Stord sokneråd  
v/ leiar Anders Dahl

# Stord kyrkjelyd

## Årsrapport

### 2020



" Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

- visjon Stord kyrkjelyd

**2020 har vore prega av koronasituasjonen og ulike smittevernsrestriksjonar i samfunnet. Kyrkja har tilpassa aktiviteten og mellom anna auka den digitale formidlinga, spesielt innanfor gudstenestene og trusopplæringa.**

**I årsrapporten kan ein lesa meir om arbeidet i kyrkjelyden, forfatta av ulike aktørar. Her er ein oversikt over dei ulike årsmeldingane som inngår i årsrapporten:**



## Innhald

Kyrkjeleg statistikk - 2020.....	2
Årsmelding 2020 – SOKNERÅDET .....	3
Årsmelding soknepresten i Stord 2020 .....	4
Årsmelding for kyrkjemusikk i Stord kyrkje 2020 .....	6
Årsmelding for trusopplæringa i Stord sokn 2020 .....	7
Årsmelding 2020 frå Diakoniutvalet.....	11
Årsrekneskap .....	12

## *Kyrkjeleg statistikk - 2020*

STORD	2017	2018	2019	2020*
Døypte	115	144	114	104
Konfirmerte	121	132	124	127
Vigsler	22	21	17	14
Gravferd	93	111	95	73
Gudstenester	82	95	77	93
Deltakrarar	14 737	18 663	19 538	6915
Takkoffer	466 997	443 435	512 226	210 416
Utmelding	52	40	45	33
Innmelding	1	3	4	6

*\*) 2020 var prega av korona-restriksjonar og er såleis ikkje heilt samanliknbar med andre år. Me hadde m.a. ekstra gudstenester i periodar for å få til det vi ønskte, t.d. konfirmasjonar, 4-årgudstenester, dåpsgudstenester etc.*

## Årsmelding 2020 – SOKNERÅDET

Soknerådet var berre fire-fem månadar gamalt før koronaviruset trefte Noreg og snudde opp ned på kvardagen, også i kyrkja. Frå mars vart det forbode å samlast i kyrkja til gudsteneste og andre samlingar, og det var særleg rart å sjå kyrkja stå tom i påskehøgtida.

Situasjonen har vore krevjande for soknerådet, men aller mest for tilsette som måtte tenke nytt. Eg vil rette ei stor takk til dei for å visa tolmod og å møte situasjonen med kreativitet og optimisme. Eg gler meg over at vi har heldt fast på gudstenesterytmen store delar av året, og at gudstenestene vart formidla digitalt når me ikkje kunne møtest i kyrkja. Takk også til kantorane for god musikalsk formidling på nett gjennom året.

Eg veit og at mange born har sakna fellesskapet på T-samlingar, men eg vil gje ei spesiell takk til trusopplærarane som har jobba for å oppretthalde kontakten med borna gjennom digital undervisning, bøker og helsingar i posten og etter kvart nokre utesamlingar.

Kyrkja og soknerådet har lagt vekt på at det skal vere trygt å koma til kyrkja, og samstundes at me opprettheld aktiviteten når det let seg gjera. Når kyrkjene igjen fekk opne var det soknerådet si oppgåve å prioritera kva som skulle opne først.

I 2020 handsama rådet 81 saker ila sine 10 møter (inkl 3 digitale). Det var og to felles samlingar med Nysæter sokneråd og tilsette (Døgnet + ein laurdag om gudstenesteordninga).

Soknerådet har gjennom året og jobba med ny lokal gudstenesteordning som vart teke i bruk frå 1. søndag i advent. Det har vore eit kjekt arbeid der me har lært meir om gudstenestene og jobba godt saman på tvers av sokneråda og med prestar og kantorar.

Me har og bestemt oss for å setje «frivillige medarbeidarar» på agendaen for 2021 og tjuvstarta med å setje ned ei felles arbeidsgruppe for både sokneråd og tilsette. Det vert hovudfokus på Døgnet tidleg i 2021 og er og årets tema for Sunnhordland prosti.

Eg gler meg til me igjen kan samlast i storfellesskapet og feira gudsteneste med full kyrkje! Eg gler meg til me igjen kan sjå ungane samlast til T-samlingar og søndagsskule, til me kan ha basar i Kyrkjestova og til me kan syngja i kor og kyrkjebenker utan særleg avstand. Eg håpar at pandemien ikkje har råka trua og truslivet vårt - sjølv om vi har vore mindre saman og kanskje mista nokre av dei gode vanane. Velkommen til kyrkja – også i 2021!

*Anders Dahl - soknerådsleiar*

Stord sokneråd (pr 31.12.2020)	
Sokneprest	Olav Johannes Oma
Leiar	Anders Dahl
Nestleiar	Dag Sele
Rådsmedlem	Nils Dale Elde
Rådsmedlem	Kirsti Angvik Frugård
Rådsmedlem	Sigrunn Ljosland
Rådsmedlem	Egil Petterteig
Rådsmedlem	Ingeborg Islaug Hatlevik Ørjasæter
Rådsmedlem (Rykka opp frå 1.vara)	Sigrid Beate Tveit Eskeland
Vararepresentant	Signe Wiersen Vorland
Vararepresentant	Dag Kjetil Lægreid
Vararepresentant	Dagfinn Koppang
Vararepresentant	Arne Rygg Drønen
-	Johannes Vallestad Lamo (Permisjon til 1.8.2021)

# **Årsmelding soknepresten i Stord 2020**

2020 var eit rart år. Eit år som stengde kyrkjer og, frå eine dagen til neste, slutt på gudstenestefeiring og alle andre arrangement slik vi er vande med det. For første gang så lenge nokon kan hugse vart det ikkje arrangert påskegudstenester i nokon av kyrkjene våre. Det vart begrensningar på kor mange som kunne vera saman, og kor tett vi kunne sitta. I november skreiv avisas Vårt Land om "Norges mest kristne kommune", basert på tal frå 2019. Det var Klepp i Rogaland, men la dei til: "På Stord i Vestland er det i snitt 181 deltagarar per gudsteneste. Deretter følger Klepp (174)... ". I 2020 vart snittet 73 deltagarar per gudsteneste. På vårparten vart kyrkjene stengt for gudstenester, vi valde å halde ope i gudstenestetida, litt før og etter, og somme kom innom og sette pris på stilla eller musikken. Pandemien gjorde at konfirmasjonane i mai ikkje kunne gjennomførast. Det er dramatisk for dei som opplever det. Dåp og vigsel vart avlyst eller utsett. I juni opna det igjen for gudstenester med begrensningar i talet på deltagarar. I Stord kyrkje kunne vi vera 128 med ein meter i mellom. På Huglo kunne ein vera rundt 30. Kyrkjekaffi har vi ikkje hatt sidan før 12. mars.

## **Dåp og trusopplæring**

Vi døypte 104 menneske. Mange av desse var i eigne dåpsgudstenester, der det berre var ope for dåpsbarn og nærmaste familie. Vi har aktive og dyktige trusopplærarar. Så når kyrkjene vart stengt ned, så dukka trusopplæringa opp på digitale plattformar, og dei gjekk med bok og gavepakkar til dei ulike alderstrinna som skulle vore på trusopplæringstiltak. I haust var det fysiske samlingar der ein tok omsyn til smittevern.

## **Konfirmantar**

Konfirmasjonane som vart utsett, vart teke igjen i september. I staden for 8 gudstenester vart det 12 med til saman 126 konfirmantar. (+ ei gudsteneste med ein konfirmant på Huglo.) Det vart gudsteneste med ca 10 konfirmantar på kvar, og kvar konfirmant hadde med 10 gjester. Gudstenestene vart strøyma slik at konfirmasjonsgjestene kunne vera med i gudstenesta på skjerm. Begrensningane på frammøte med meir gjorde og at vi kom seint i gang med det nye kullet, og måtte gjera endringar i opplegget for å gjennomføra.

## **Vigsel**

Det vart gjennomført 14 vigslar i 2020, og fleire valde å utsetje bryllaupet på grunn av begrensningane på tal av gjester.

## **Gravferd**

Det vart gjennomført 93 gravferder frå kyrkjene i Stord kommune, 73 av desse frå Stord Kyrkje. Eit lavt tal som kanskje har samanheng med restriksjonane som har vore gjennom året.

## **Anna**

Vi har arbeidd like mykje som før, men på andre måtar. I samarbeid med kollegaer og frivillige har vi lagt til rette for digitale gudstenester og anna. Magne Langåker har vore ein stor ressurs i det digitale filmarbeidet. Smitteversrestriksjonane gjorde at vi traff svært lite folk ansikt til ansikt gjennom fjaråret. Dei digitale sendingane og innlegga nådde kanskje endå fleire, men det er ikkje det same som å kunne møtast. Det saknar vi. Den digitale satsinga som våre gode kantorar stod for, spesielt i adventstida, nådde svært langt. I løpet av hausten fekk vi opp

videokanonar i kyrkja. Dette vart godkjent av biskop før sommaren. Vi fekk så vidt teke dei i bruk før kyrkjene stengte ned ved årskiftet.

## **Leir**

Kyrkjelydsleiren i haust vart avlyst.

## **Gudstenesteutval**

Den store saka for utvalet var ny lokal grunnordning av liturgien. Utvalet arbeidde godt og ny liturgisk grunnordning vart vedteke innan fristen, og er teken i bruk i kyrkjene våre. Utvalet

## **Kyrkjestova Fredheim**

At vi fekk tilbod om og gjekk til det skritt å kjøpa kyrkjestova Fredheim i 2019 var veldig positivt, det opna moglegheiter for arrangement heile veka på dagtid. 2020 og strenge smittevernreglar og restriksjonar har gjort at vi ikkje fekk brukt Fredheim slik vi ønska.

## **Takkoffer**

I 2020 vart det samla inn 210 000,- mot 512 000,- året før. Det har sjølvsagt samanheng med at vi var svært mykje mindre folk i kyrkja i fjor.

## **Om medlemer, inn- og utmeldingar**

Ved årsslutt 2020 hadde me 10963 medlemer.

Det var 6 innmeldingar og 33 utmeldingar ila året.

## **Kyrkjeblad**

Kyrkjebladet SPIRA som vi driv saman med Nysæter sokn kom ut med tre nummer. Her er ein fin redaksjon som arbeider godt, men vi er avhengige av sponsorar, gåver og støtte for å驱va bladet.

## **Om rådsarbeidet**

Også rådsarbeidet har vore prega av det spesielle året. Mange møter har vore gjennomført på nett, og dette gjer noko med dynamikken i møta, men mykje godt arbeid er likevel gjort. I løpet av året vart mellom anna ny lokal liturgisk grunnordning vedteke.

## **Å arbeida i kyrkja**

Det er godt å arbeida i kyrkja. Vi har mange frivillige, og ein stab med dyktige medarbeidarar å arbeida saman med.

## **Takk**

Takk til alle dei menneska som har vore med og teke del i dei ulike tinga som går føre seg i kyrkjelyden vår. Takk for forbøn og engasjement.

Med ynskje om Guds signing for Stord kyrkjelyd.

*Olav J. Oma, sokneprest*

## **Årsmelding for kyrkjemusikk i Stord kyrkje 2020**

Kyrkjemøte i 2018 handsama saka om «Rapport og veivalg for Den norske kyrkja si kunst- og kultursatsing». Her heiter det: «Kirkemusikk og andre kunstneriske uttrykksformer er integrert i og utvider kirkens forkynnelse, trospraksis og tilbedelse. Kirkemøtet ser arbeid med kunst og kultur som et kjerneområde som åpner troens rom gjennom et mangfold av uttrykk. Dette arbeidet må ivaretas i plan- og budsjettarbeid på alle nivåer i kirken.» Det er difor slått fast at kunst og kultur skal vere eit viktig satsingsområde i kyrkja. Musikk bygger bruer mellom kyrkja og samfunnet elles, gjennom samhandling og kulturutfaldning på tvers av sjangrar og tradisjonar. Kyrkja sitt oppdrag er gitt gjennom evangeliet, forteljinga om brua mellom jord og himmel, Gud og menneske: Kristus. I dette oppdraget har musikken ein heilt sentral funksjon. Kyrkja sin musikk bygger bruer gjennom å opne sinn og tankar for Guds mysterium og gjennom å formidle og kommunisere evangeliet. Musikken set kyrkja i stand til å nå lenger i kommunikasjonen sin enn orda åleine.

Året som har gått blei prega av covid-19 og det har ført til ei anna måte å gjennomføra det kyrkjemusikalske arbeidet på. Den planlagde konserten etter rehabiliteringa av orgelet i Stord kyrkje vart imidlertid gjennomført som planlagt i februar. Koret Sanctus var med og i tillegg til kantor i Stord, deltok kantor i Nysæter og i Fitjar på konserten. Elles deltok Ingjerd Kannelønning Kolstad og Grete Hylland som solistar. I nedstenginga etter Korona utbrøt, vart digitale kanalar nytta til formidling av gudstenester og andre tiltak. Fleire utøvarar vart med i desse utsendingane, både i samspel med kantor og sjølvstendig.

Fordi det har vore sterke avgrensingar i tal på deltakarar i gudstenestene, har det vore fleire gudstenester. Særleg gjaldt dette under konfirmasjonane. Sundagane utanom høgtidene har i regelen to gudstenester dersom det er dåp. Den nye situasjonen set krav til kantor, men ein ser og gledelege tal som vitnar om interesse for musikken som vert lagt ut, både med orgel, solistar, korps og kor. Den musikalske adventskalenderen som vart laga med utgangspunkt i deltakarane ved julekonsertane, blei eit høgdepunkt i året som gjekk. Erfaringane frå denne er verdt å ta med seg inn i det nye året.

Kyrkja har mange møtestader for innbyggjarane i Stord der musikken har ei viktig rolle. Vår lutherske kyrkje er ei syngande kyrkje. Salmeboka som den «erfarande Bibel» får meinings i dei ulike tenestene i kyrkja vår. Kva dette betyr for innbyggjarane i Stord, ser ein kanskje først og framst i dei store hendingane gjennom året. No har desse hendingane fått eit anna format, enten som samkomer der færre kan delta eller som digitale arrangement. Desse vert det arbeidd kontinuerleg med. Heimeside, Facebook og YouTube er aktuelle plattformer. Utvikling av Podkast er og vurdert.

Alternative ordningar for dåp, vigslar og gravferder har vore ein del av 2020. I nokre høve blir desse samlingane strøyma via grupper på Facebook.

Det er fint å sjå at musikk har eit relativt stort nedslagsfelt når vi lagar ulike produksjonar. Dei vil aldri erstatta det å vere til stades, men gir ein inngangsport og eit høve til å opparbeide eit større publikum. Året viste oss at det er mange som har glede av kyrkjemusikken.

*Ole Jørgen Furdal, kantor*

# **Årsmelding for trusopplæringa i Stord sokn 2020**

På same måten som dei nyfødde må læra livet å kjenna, må barna læra å kjenna den trua dei er døypte til. Det er bakgrunnen for at me driv trusopplæring i kyrkja.

## **Tilsette i trusopplæringa:**

Elisabeth Fauskanger 100% stilling, Brynhild Meyer Stautland 60% stilling og Anne Brandvik Nilsen 20% stilling frå 1. januar til 1. august og 90% frå august og ut året. Elisabeth er med på samlingane for barn og unge 0-13 år, i tillegg til samlingar med unge frivillige. Administrasjon, oppfølging av utval og samarbeid om gudstenester er og hennar ansvar. Brynhild har hovudansvar for konfirmantarbeidet, MILK og KRIK. Anne er med på konfirmantarbeidet og dei fleste samlingane for barn og unge 0-13 år.

## **Koronaåret 2020**

2020 blei eit heilt spesielt år og eit heilt annleis år. Koronapandemi, smittevern, restriksjonar og avlyste samlingar prega arbeidet i trusopplæringa frå mars til desember. Nokre få samlingar tidleg på året blei gjennomført som planlagt. Frå mars til juni blei alle fysiske samlingar avlyst. I september og oktober blei samlingane inne gjennomført med stort fokus på smittevern. I november og desember blei samlingane inne i kyrkja igjen avlyst, mens nokre få samlingar blei flytta utandørs og gjennomført som reine utearrangement.

## **Fysiske samlingar**

### **T0 Babysong**

Babysong er samlingar på dagtid med song, regler, servering av lunsj og prat. Det var samlingar annakvar veke frå januar til mars i Fredheim og i september og oktober i kyrkja med eit samla frammøte på 23% av dei døypte.

### **T123 Songstund**

Samling med song, bibelforteljing, servering av kveldsmat og leik. Det var samlingar annakvar veke frå januar til mars i Fredheim og i september og oktober i kyrkja. Samla frammøte var på 29% av eittåringane, 28% av toåringane og 26% av treåringane.

### **T4 Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok**

Då gudstenestene med utdeling av fireårsbok skulle gjennomførast i oktober var det ei maksgrense på 50 i kyrkja. Grunna smittevern og krav til avstand blei det ikkje invitert til undretur. Frå normalt to gudstenester dobla me og inviterte til fire gudstenester der 43% av dei inviterte fireåringane kom i kyrkja saman med familiene sine.

### **T456 Song & duplo**

Samlingar med song, bibelforteljing, servering av pølse i brød og leik. Det var samlingar annakvar veke frå januar til mars i Fredheim og i september og oktober i kyrkja med eit samla frammøte på 25% av fireåringane, 20% av femåringane og 13% av seksåringane.

### **T6 Førsteklasses**

I 2019 vart det for første gong invitert til skulestartsamling med middag for 6 åringane med familie. I 2020 let dette seg ikkje gjera p.g.a. korona situasjonen, men 6 åringane blei invitert til hausifikfest i september og 9% kom og fekk Sakkeusbok i gåve.

## **T78**

«Gud skapar – me tek vare på» var overskrifta på eit nytt tiltak i 2020. 2 ute samlingar med fokus på skaparverket. Bjarte Aadland var med då tema var småkryp og insekt. Marit Langåker var med og fortalte og viste om livet i fjæra. 11% av 7 åringane og 7% av 8 åringane kom og var med.

## **T9 Tårnagenthelg**

Tårnagenthelga var heilt i starten av mars og kunne difor gjennomførast som eit «full-skala arrangement» med program laurdag og familiegudsteneste søndag. 20% av niåringane deltok på Tårnagenthelga.

## **T11 Lys vaken**

Lys vaken blei arrangert i slutten av november med tema om lys og mørke. Pga koronasituasjonen var heile opplegget utandørs, der barna ved dei fire barneskulan blei invitert kvar for seg til kortare samlingar. På den måten kunne dei som var i kohort på skulen vera saman på Lys Vaken. 26% av 11-åringane deltok.

## **T10,11,12**

I januar inviterte me for første gong til fredagskveld i kyrkja med overskrifta «Like myke verdt», fokus på misjonsprosjektet i Bangladesh og taco på Fredheim. Eit flott arrangement der 19% av 10 åringane, 25% av 11 åringane og 16% av 12 åringane deltok.

## **T14 Konfirmasjon**

Konfirmantane har samlingar etter skuletid. Dei er delt i tre store grupper som har samlingane sine tysdag eller torsdag. Samlingane startar med mat, vidare er det undervisning i stor gruppe, leik og samtale/aktivitet knytt til tema i mindre grupper. Etter 12.03 vart det ein del endringar i opplegget, men me var heldige og fekk til ei fysisk samling ute i mai/juni.

Konfirmasjonane vart flytta til september, og me hadde fleire gudstenester enn me plar ha. I haust kom me seinare i gang med konfirmantane enn vanleg. Oppstarten var ganske normal, men etterkvart har det blitt ein del endringar. Ein del samlingar har gått ut og me har prøvd å nå konfirmantane med digitale opplegg. Og når me har fysiske samlingar har det blitt endringar. Me har kortare samlingar med færre konfirmantar. KonfTreff i Nysæter og Konfirmantfestivalen på Langevåg har ikkje blitt gjennomført.

Kullet 19/20 er det 129 konfirmantar. 92% av dei døypte i dette årskullet. 5 konfirmantar vart døypt dette året. Kullet 20/21 var det 125 konfirmantar. 89% av dei døypte i dette årskullet. 6 konfirmantar vert døypt dette året.

## **T15,16,17,18 Vegen vidare**

I haust starta me med MILK for 5 ungdommar i 10. klasse frå begge kyrkjelydane. Det har ikkje blitt meir enn ei samling i haust grunna korona. Desse ungdommene deltek og som leiarar i trusopplæringa. Frå hausten 2019 har Sing sing og KRIK samarbeida om samlingane sine. Dette året er det i praksis berre KRIK som fungerer. Det er samlingar ute og i gymsalen på Rommetveit, alt etter kva smittevernreglane tillet. Ca 15 ungdommar er innom samlingane våre. Positive og kjekke samlingar med mykje aktivitet.

Nytt i 2020 var og eigne sosiale samlingar for dei unge frivillige medarbeidarane i trusopplæringa. I juni var 16 ungdommar med på tur til Huglo og i desember var omlag like mange med på tur til gapahuken i Skjepåsen. Målet med desse samlingane er både eit sosialt

fellesskap med mat, prat og konkurransar og ein arena for rekruttering av nye unge medleiarar.

### **Digital trusopplæring og andre tiltak frå og med mars**

I mars stengte Norge stengte ned og alle fysiske samlingar i trusopplæringa blei avlyst. Ganske snart la me tilsette på kyrkjekontoret ein vekeplan for digitale innslag der det blei lagt vekt på at alt me publiserte skulle lagast lokalt av dei tilsette. Måndag skulle vera trusopplæringa sin dag på nettside og Facebook side. Me filma og la ut songstunder, høgtlesing og bibelforteljing. Kjente ansikt i filmane blei eit bindeledd til kyrkja for barna. Me la og vekt på at det me publiserte i trusopplæringa skulle variera og ha ulike aldrar som målgruppe.

For konfirmantarbeidet innebar nedstenginga og raudt nivå i ungdomsskulane at dei fysiske samlingane blei erstatta av digitale opplegg både på våren og på hausten. Fasteaksjonen blei og digital. Konfirmantane deltek på gudstenester gjennom året. Når det ikkje har vore fysiske gudstenester deltek konfirmantane på gudstenestene med å sjå digital gudsteneste, og så senda inn svar på spørsmål frå gudstenesta.

I tillegg til digitale innslag leverte me og nærare 150 bokgåver i postkassane til barna under skulealder som hadde delteke på samlingar i trusopplæringa. Alt for å halde kontakt mellom barna og oss tilsette i trusopplæringa.

Kvar søndag blei det publisert gudstenester på nett, der trusopplærarane deltok på fleire. Avlyste samlingar gav oss tilsette og ein anledning til faglig oppdatering og deltaking på digitale kurs.

Før jul inviterte me til å ta med materialpakke med «Jula i eit nøttekall» frå kassar utanfor kyrkja. Til saman blei det frå kassane utanfor kyrkja på Stord og Nysæter henta over 80 slike materialpakkar. Takk til Barbro H. Andersen og Nancy Aasheim som la til rette for dette.

### **Frivillige medarbeidarar**

Frivillige medarbeidarar er gull verdt i trusopplæringa. I 2020 var det 48 frivillige medarbeidarar på dei ulike T-dagane, på familiegudstenester i konfirmantarbeidet. Både me som er tilsette i trusopplæringa og dei andre tilsette som samarbeider med frivillige vil retta ei stor takk til alle villige hender og føter og alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja.

### **Unge medleiarar**

Me har i 2020 hatt auka fokus på rekruttering og deltaking av unge frivillige medarbeidarar, både i samlingane i trusopplæringa og på familiegudstenester. Det er flott med ivrige unge medleiarar som gjer ein strålande jobb.

### **Inspirasjonskveld**

28.oktober inviterte trusopplæringsutvalet til Inspirasjonskveld i Stord kyrkje for frivillige medarbeidarar og tilsette som deltek i trusopplæringsarbeidet. Det blei ein flott kveld der omlag 50 deltok. Tor Øyvind Skeiseid hadde inspirasjonsføredag. I tillegg deltok fleire lokale med opplesing, song og musikk.

### **Trusopplæringsutval**

Trusopplæringsutvalet er felles for Stord og Nysæter med to representantar frå kvart sokn og einingsleiar. Frå Stord sokn er Sigrunn Ljosland og Anders Grov Nilsen med.

Trusopplæringsutvalet har i 2020 hatt fire møter og handsama 14 saker.  
Trusopplæringsutvalet arbeider godt saman.

### **Oppsummering og tankar for 2021.**

2020 blei eit år heilt annleis enn det me såg for oss då me på nyårsaftan 2019 ønska kvarandre «godt nytt år». I løpet av året har me kjent på ei mengde ulike kjensler. Me har kjent på frustrasjon over planar som ikkje blei noko av og planar som måtte endrast. Me har vore spent på reaksjonar frå familiene når endringar har blitt gjort, f.eks då konfirmasjonane blei flytta til hausten. Me har kjent på tristhet for alle dei barna og ungdommane som me ikkje har kunne vera saman med. Me har kjent på usikkerhet og vore nervøse for smittevern og korleis me kunne ha fysiske samlingar på hausten. Men me har også kjent på initiativ og kreativitet når me har planlagt alternative samlingar. Og ikkje minst har me kjent på glede over godt samarbeid i staben og over å oppleva kor langt ut me har nått digitalt.

Me kjenner takksemd over gode tilbakemeldingar og tek alt dette med oss inn i arbeidet i 2021. Eit år som og er prega av koronasituasjonen. På bakgrunn av det gjer me i trusopplæringa alle samlingane for barn og unge 0-13 år til utesamlingar våren 2021. Me gler oss!

*Elisabeth Fauskanger, Einingsleiar trusopplæring*

## Årsmelding 2020 frå Diakoniutvalet

Årsmeldinga for den diakonale tenesta i 2020 er prega av koronapandemien, og at soknediacon Lisbeth Nygård takka av etter fleire år i tenesta. Olaug Irene A. Gloppe begynte som soknediacon 01.12.2020, og vart innsett som soknediacon 13. desember i Stord kyrkje.

Diakoniutvalet har hatt 2 representantar frå kvart sokneråd. Dagfinn Koppang (leiar) og Signe Wiersen Vorland frå Stord sokneråd, og Ingebjørg Grønsdal og Marta Kristin Valvatne frå Nysæter sokneråd.

Diakoniarbeidet har lange tradisjonar i Stord og Nysæter. Diakoni kan kallast «kyrkja sin livspust» eller «den levande kyrkja i handling». Mykje frivillig diakonalt arbeid vert gjort, og den diakonale tenesta flettar seg inn i både prestane og pedagogane sine oppgåver. Både soknediacon og diakonimedarbeidar vil takka alle frivillige for den gode diakonale tenesta som vert gjort i Stord og Nysæter.

Fram til 13. mars, då alt blei stengt ned nokre månader, var arbeidet sentrert om:

- Båreandaktar og gravferder
- Sorggruppe i lag med Bømlø
- Besøk og telefonkontakt med einsame, sjuke og sørkjande
- Andaktar på Buneset, Stord sjukeheim og Knutsaåsen
- Eldretreff på Nordbygda bedehus
- Var med på å arrangera Kvinnenes Internasjonale Bønedag i Frelsesarmeens sine lokale.

Resten av året har arbeidet vore knytt til blomehelsingar til pårørande etter dødsfall, førebuing og gjennomføring av minnegudstenester, samt samarbeid med stab og frivillige.

Året 2021 er eit usikkert år når det gjeld å planlegge diakonale tiltak, pga. koronapandemien. Likevel er det viktig med visjonar og ønskjer for den diakonale tenesta i 2021 både for Nysæter og Stord sokn. Det er kanskje i år at diakoni blir ekstra satt på prøve. Samstundes er det særskilt viktig å synleggjere Guds kjærleik til alle menneske. Diakoni handlar om «å gå i lag med folk»; om det er i motbakke, i ulent terrenget, i nedoverbakke eller når stien går strak og lett rett fram. Dette er noko alle kan gjera; å vere eit medmenneske i kvaranden. Det er no ei utfordrande tid vi alle lever i alle saman. Vi treng kvarandre!

«Ordet blei menneske», les me i starten av Johannesevangeliet. Jesus blei menneske. Som hans barn kan vi vera Hans hender, føter, auge og munn.

*Olaug Irene A. Gloppe, soknediacon*

## Årsrekneskap

Stord sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytinga kommunen gjer for kyrkja. Soknerådet har ikkje motteke endeleg årsrekneskap frå kommunen enno, og vil ikkje vere i stand til å levere komplett årsrekneskap til revisor innan 1.mars i tråd med krav i «Forskrift om økonomiforvaltninga i kyrkja», §5-7.

Det vert likevel ført ein enkel oversikt av dei tilsette i administrasjonen som er det mest oppdaterte biletet av økonomien til soknet. Ei oppsummering av denne oversikten er inkludert her i årsrapporten som ei orientering over inntekter og utgifter i 2020.

Endeleg årsrapport for det økonomiske vert utarbeida når komplettert rekneskap føreligg frå kommunen.

Nokre kommentarar om rekneskapstala for 2020:

- Soknerådet vedtok budsjett for 2020 i januar. I lys av koronasituasjonen såg soknerådet det naudsynt å vedta eit revidert budsjett i juni 2020.  
Både budsjetta er vist i oversikten på neste side.
- Inntektene frå takkoffer er betrakteleg redusert frå førre året, grunna lågare aktivitet og deltaking på gudstenestene. Totalt inntekt frå takkoffer i 2020 er kr 210 814, herav kr 115 456,- vart gitt vidare til eksterne føremål.  
(Tilsvarande tal i 2019 var kr 432 774 i inntekt og kr 246 452 gitt vidare.  
Då er fasteaksjonen heldt utanom tala frå 2019 for å vere samanliknbare.)
- Kyrkjebladet Spira vart gjeve ut 3 gonger i 2020. Totale inntekter for bladet består av kr 46 900,- i sponsorinntekter, kr 40 420,- i (private) gåver og kr 15 000 i tilskot frå Nysæter sokn. Bladet gjekk då med eit underskot på kr 19 705 som dekkjast av Stord sokneråd. Planen er å vidareføre bladet også i 2021.
- Soknet si faste givarteneste går til Kyrkjestova Fredheim. Det er totalt kome inn kr 224 900 gjennom denne ordninga i 2020. Takk til alle som gir!
- Soknerådet har i 2020 kjøpt inn to videokanonar som er montert i Stord Kyrkje. Dette har kosta totalt kr 24 000 og totalt er det samla inn kr 20 000 i takkoffer til føremålet.
- Soknerådet fekk tildelt støtte frå Bufdir for å halda PREP-kurs i 2020, totalt kr 35 000,-. Kurset er utsett til 2021, og midlane vert derfor sett av i bunde fond som øyremerka midlar til tiltaket i 2021.
- Når ein held PREP-midlane utanom har resultatet for soknet vore eit underskot på kr 4 157,- for 2020. Dette vert handsama når endeleg årsrekneskap føreligg, men vil normalt verte dekka av ubundne fond (overskot frå tidlegare år).

Beskrivelse	Foreløpig regnskap (periode - 2020)		Revidert budsjett (Hele 2020)		Budsjett (Hele 2020)		Regnskap (Hele 2019)	
	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
	Total	579 080	548 237	508 853	529 226	834 160	834 160	847 875
<b>Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring</b>	<b>16 599</b>	<b>16 459</b>	<b>13 053</b>	<b>13 053</b>	<b>30 000</b>	<b>30 000</b>	<b>35 875</b>	<b>35 639</b>
Deltakarbeting	1 706	-	-	-	-	-	5 850	-
Takkoffer til Trusopplæringa	6 740	-	4 900	-	20 000	-	17 912	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR	-	8 357	-	4 900	-	20 000	-	23 575
Takkoffer til diakoniarbeidet	8 153	-	8 153	-	10 000	-	12 113	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR	-	8 102	-	8 153	-	10 000	-	12 064
<b>Takkoffer og givarteneste til andre</b>	<b>89 662</b>	<b>93 206</b>	<b>88 055</b>	<b>88 055</b>	<b>230 000</b>	<b>230 000</b>	<b>291 740</b>	<b>289 669</b>
Takkoffer til eksterne organisasjoner	59 268	58 861	52 455	52 455	115 000	115 000	162 268	160 755
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	-	-	-	-	65 000	65 000	59 351	59 281
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	30 394	34 345	35 600	35 600	50 000	50 000	65 621	65 211
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-	4 500	4 421
Arrangement utan billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Tilskot/stønad til lag og organisasjoner	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Kyrkjelydshus / Kyrkjestove</b>	<b>234 603</b>	<b>244 900</b>	<b>162 481</b>	<b>170 000</b>	<b>170 000</b>	<b>170 000</b>	<b>185 800</b>	<b>185 800</b>
Givertjeneste - Kyrkjestova	224 900	235 270	150 000	170 000	150 000	170 000	185 800	185 800
Takkoffer til kyrkjestova	9 703	9 630	12 481	-	20 000	-	-	-
<b>Kyrkjelydsarbeid</b>	<b>89 348</b>	<b>51 810</b>	<b>106 766</b>	<b>91 281</b>	<b>182 000</b>	<b>146 500</b>	<b>149 531</b>	<b>45 224</b>
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	55 470	-	39 828	-	140 000	-	100 420	-
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	4 715	9 230	9 000	15 000	15 000	20 000	13 406	12 929
Kveldssamling	9 498	3 390	19 738	5 000	25 000	15 000	35 705	7 557
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Diakonale tiltak (i regi av SR)	-	-	-	-	-	7 000	-	-
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.	-	1 538	-	5 000	-	10 000	-	6 435
Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)	-	2 332	-	2 000	-	17 000	-	472
Innbu, utstyr, bøker	-	1 125	-	2 000	-	2 000	-	-
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	19 665	23 747	36 200	50 000	-	50 000	-	-
PC-utstyr, lyd-utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Vedlikehåll innbu/utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Tilskot/stønad til eige arbeid	-	-	-	-	-	5 000	-	4 569
Veiferdstiltak, gåver o.l.	-	167	-	1 000	-	3 000	-	1 087
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.	-	-	-	-	-	-	-	4 550
Diverse, andre utgifter	-	-	-	-	-	1 500	-	-
Kurs, Døgnet o.l.	-	10 281	-	10 281	-	15 000	-	7 625
Renteinntekter	-	-	2 000	-	2 000	-	-	-
Gebyr bank	-	-	-	1 000	-	1 000	-	-
Konfirmantar; fest, mat o.l.	-	-	-	-	-	-	-	-
KyrkleLyd	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Kyrkjeblad</b>	<b>102 320</b>	<b>122 025</b>	<b>85 000</b>	<b>105 000</b>	<b>70 000</b>	<b>90 000</b>	<b>139 600</b>	<b>113 560</b>
Kyrkjeblad	102 320	122 025	85 000	105 000	70 000	90 000	139 600	98 560
Tilskot/stønad til eige arbeid	-	-	-	-	-	-	-	15 000
<b>Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement</b>	<b>11 548</b>	<b>19 837</b>	<b>13 498</b>	<b>21 837</b>	<b>14 500</b>	<b>25 000</b>	<b>25 330</b>	<b>16 924</b>
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	7 208	-	9 158	-	12 000	-	25 330	-
Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor	-	13 000	-	15 000	-	15 000	-	16 924
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter	4 340	6 837	4 340	6 837	2 500	10 000	-	-
<b>Prosjektmidler</b>	<b>35 000</b>	-	<b>40 000</b>	<b>40 000</b>	<b>137 660</b>	<b>142 660</b>	<b>20 000</b>	-
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	28 500	-	20 000	-
Arrangement uten billettinntekter	-	-	-	-	-	33 500	-	-
Tilskot/gåver frå andre	35 000	-	35 000	-	89 160	-	-	-
Deltakarbeting	-	-	5 000	-	20 000	-	-	-
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	40 000	-	109 160	-	-
<b>Resultat før disponering</b>	<b>30844</b>		<b>-20373</b>		<b>0</b>		<b>161060</b>	
<b>Disponering / Bruk av fond</b>	<b>4 157</b>	<b>35 000</b>	<b>20 373</b>		-	-	-	<b>161 060</b>
Underskot dekkja av midlar i ubunde fond	4 157		20 373		-	-	-	
Overskot overført til ubunde fond								161 060
Bruk av øyremerka midlar (bunde fond)								
Øyremerka midlar (bunde fond) til seinare bruk		35 000						
<b>Resultat etter disponering (skal være 0)</b>	<b>0</b>		<b>0</b>		<b>0</b>		<b>0</b>	
<b>Takkoffer totalt</b>	<b>210 814</b>	<b>115 456</b>	<b>191 313</b>	<b>121 108</b>	<b>472 000</b>	<b>265 000</b>	<b>492 125</b>	<b>305 734</b>
Reelt overskudd (+) / underskudd (-) for året		-4 157		-20 373		-		161 060
Differanse til total i Bilagsoversikt	-	-	-	-	-	-	-	-

Inntektsk	Kostnads	Område	Beskrivelse	Budsjett 2021		Revidert budsjett (Hele 2020)	Budsjett 2020 (Hele året)	
							Inntekt	Kostnad
			<b>Total</b>	<b>647 000</b>	<b>647 000</b>	<b>508 853</b>	<b>529 226</b>	<b>834 160</b>
			<b>Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring</b>	<b>30 000</b>	<b>30 000</b>	<b>13 053</b>	<b>13 053</b>	<b>30 000</b>
6109	6109	Barne- og ungdomsarbeid	Deltakarbetaling			-	-	-
8602		Barne- og ungdomsarbeid	Takkoffer til Trusopplæringa	20 000		4 900	-	20 000
	4401	Barne- og ungdomsarbeid	Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		20 000	-	4 900	20 000
8601		Diakoni	Takkoffer til diakoniarbeidet	10 000		8 153	-	10 000
	4401	Diakoni	Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		10 000	-	8 153	10 000
			<b>Takkoffer og givarteneste til andre</b>	<b>175 000</b>	<b>175 000</b>	<b>88 055</b>	<b>88 055</b>	<b>230 000</b>
8650	4650	Eksternt	Takkoffer til eksterne organisasjoner	75 000	75 000	52 455	52 455	115 000
8651	4651	Eksternt	Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	50 000	50 000	-	-	65 000
8652	4652	Eksternt	Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	50 000	50 000	35 600	35 600	50 000
6200	1501	Eksternt	Arrangement med billettinntekter			-	-	
6202	1502	Eksternt	Arrangement utan billettinntekter			-	-	
	4700	Eksternt	Tilskot/stønad til lag og organisasjoner			-	-	
			<b>Kyrkjelydshus / Kyrkjestove</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>162 481</b>	<b>170 000</b>	<b>170 000</b>
6201	4654	Kyrkjestova	Givertjeneste - Kyrkjestova	180 000	180 000	150 000	170 000	150 000
8607	4650	Kyrkjestova	Takkoffer til kyrkjestova	20 000	20 000	12 481	-	20 000
			<b>Kyrkjeldsarbeid</b>	<b>92 000</b>	<b>67 000</b>	<b>106 766</b>	<b>91 281</b>	<b>182 000</b>
8600		Kyrkjelivet	Takkoffer til kyrkjeldasarbeidet	50 000		39 828	-	140 000
8606	1106	Barne- og ungdomsarbeid	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	15 000	20 000	9 000	15 000	15 000
8653	4653	Kyrkjelivet	Kveldssamling	25 000	15 000	19 738	5 000	25 000
6200	1501	Kyrkjelivet	Arrangement med billettinntekter			-	-	
6202	1502	Kyrkjelivet	Arrangement utan billettinntekter			-	-	
	1107	Diakoni	Diakonale tiltak (i regi av SR)		3 500	-	-	7 000
	1202	Gudsteneste	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		6 000	-	5 000	10 000
	1400	Kyrkjelivet	Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)		5 000	-	2 000	17 000
	2000	Kyrkjelivet	Innnbu, utstyr, bøker		2 000	-	2 000	2 000
8600	2002	Gudsteneste	Teknisk utstyr, verktøy		-	36 200	50 000	50 000
	2003	Kyrkjelivet	PC-utstyr, lyd-utstyr			-	-	
	2005	Kyrkjelivet	Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr			-	-	
	2304	Kyrkjelivet	Vedlikehald innbu/utstyr			-	-	
	4654	Kyrkjelivet	Tilskot/stønad til eige arbeid		5 000	-	-	5 000
	1201	Administrasjon	Velferdstiltak, gaver o.l.		3 000	-	1 000	3 000
	1202	Administrasjon	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		-	-	-	-
	1207	Administrasjon	Diverse, andre utgifter		1 500	-	-	1 500
	1500	Administrasjon	Kurs, Døgnet o.l.		5 000	-	10 281	15 000
9000	5300	Administrasjon	Renteinntekter	2 000		2 000	-	2 000
	1301	Administrasjon	Gebyr bank		1 000	-	1 000	1 000
	1101	Kyrkjelivet	Konfirmantar; fest, mat o.l.		-	-	-	-
	1105	Kyrkjelivet	KyrkleLyd		-	-	-	-
			<b>Kyrkjeblad</b>	<b>100 000</b>	<b>120 000</b>	<b>85 000</b>	<b>105 000</b>	<b>70 000</b>
8703	1401	Spira - Kyrkjeblad	Kyrkjeblad	100 000	120 000	85 000	105 000	70 000
	4654	Spira - Kyrkjeblad	Tilskot/stønad til eige arbeid			-	-	-
			<b>Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement</b>	<b>10 000</b>	<b>15 000</b>	<b>13 498</b>	<b>21 837</b>	<b>14 500</b>
8604		Kyrkjemusikk	Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	10 000		9 158	-	12 000
	1102	Kyrkjemusikk	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor		15 000	-	15 000	15 000
6200	1501	Kyrkjemusikk	Arrangement med billettinntekter		-	-	-	2 500
6202	1502	Kyrkjemusikk	Arrangement utan billettinntekter			4 340	6 837	10 000
			<b>Prosjektmidler</b>	<b>5 000</b>	<b>40 000</b>	<b>40 000</b>	<b>40 000</b>	<b>137 660</b>
8700		Prosjekt - OVF	Tilskot/gåver frå andre			-	-	28 500
	1502	Prosjekt - OVF	Arrangement uten billettinntekter			-	-	33 500
8700		Prosjekt - Prep	Tilskot/gåver frå andre			35 000	-	89 160
6109		Prosjekt - Prep	Deltakarbetaling	5 000		5 000	-	20 000
	1501	Prosjekt - Prep	Arrangement med billettinntekter		40 000	-	40 000	109 160
			<b>Disponeringar til balansen</b>	<b>35 000</b>	<b>-</b>	<b>40 000</b>	<b>40 000</b>	<b>-</b>
2571	2571		Bruk av øremerka inntekt frå tidlegare år	35 000		-	-	-
2570	2570		Overføring til/frå ubunde fond			-	-	-
			<b>Takkoffer totalt</b>	<b>325 000</b>	<b>230 000</b>	<b>191 313</b>	<b>121 108</b>	<b>472 000</b>
			<b>Overskudd (+) / Underskudd (-)</b>		<b>-</b>		<b>-20 373</b>	
			<b>Differanse til total i Bilagsoversikt</b>					

Formål	Budsjett (Sum)	Antall	Sum pr gang	Vår	Høst
Takkoffer til Trusopplæringa	20 000	4	5 000	2	2
Takkoffer til diakoniarbeidet	10 000	2	5 000	1	1
Takkoffer til eksterne organisasjonar	75 000	15	5 000	8	7
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	50 000	1	50 000	1	0
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	50 000	10	5 000	5	5
Takkoffer til kyrkjestova	20 000	4	5 000	2	2
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	50 000	10	5 000	4	6
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	15 000	3	5 000	2	1
Kveldssamling	25 000	5	5 000	2	3
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	10 000	2	5 000	1	1
Sum	325 000	56	5 804	28	28

inkl bøssebæring